

PROSJEKT «NY GIV I SAUEHALDET I VEST-AGDER»



Prosjektleder: Ove Myklebust • telefon: 48997712 • e-post: ove.myklebust@lr.no

Aktiviteter i faggruppene småfe hausten og vinteren 2012/2013.

Håpar de har hatt ein fin sommar med god tilvekst på lamma og gode slakteoppgjer. Dei av dykk som har hatt ulveangrep i saueflokkane kan ikkje ha hatt nokon god sommar.

Rovdyrtap og skada dyr av rovdyr er vel det verste ein sauebonde kan komma ut for. Håpar ein klarer å få tatt ulvane som gjer skade på småfe i Agder fylka.

Det blir visning av fjøsen til Knut Risnes på Risnes i Kvinlog laurdag den 27. oktober frå kl. 11:00. Dette er Vest-Agders største og mest moderande sauefjøs med plass til 4-500 vinterføra sauar. Firma som har levert utstyr til fjøsen vil vere til stades og kan fortelja om sitt utstyr til småfe.

Vi skal og ha 2 fagmøter om kjennskap til snyltarar og optimal behandling med veterinær Siv Meling. Ho skal og snakka om korleis vi skal få flest moglig av påsettlamma drektige. Første møte blir på Øksendal skule tysdag den 30. oktober frå kl. 19:30 og Lyngdal jordbruksskule onsdag den 31. oktober frå kl. 19:30. Etter desse 2 møta kan personar i faggruppene gå saman og lage ein snyltarplan for sin besetning.

Eg vil minna om Sørlandssamlinga som skal vere fredag den 11. og laurdag den 12. januar. Her kjem bønder med ulik drift saman for å få faglig påfyll. Laurdag blir det ulike temaer på dyreslag og jordbruksdrift. Småfe delen vil ta for seg korleis ein kan få mindre tap av småfe og om økonomien i sauehaldet. Det vil og vere med ein bonde som fortel om sitt sauehald.

Vi planlegg eit dagseminar i februar for å drøfte tiltak for å redusere tap av sau og lam på beite m.m. Vi håper Ivar Mysterud kan komme og sei litt om kor langt dei er komne i forskinga om Alveld. Vi skal og ha eit kveldsmøte med Anders Konglevoll i februar. Han vil fortelja om korleis framtidas sauefjøs bør vere både for folk og dyr.

Det er fleire som vil ha behov for å lære å klyppa sau. Vi er heldige som kan få hjelp til dette, men det kan på sikt bli vanskelig å få fatt i folk. Lista Sau og Geit vil i september 2013 arrangere klyppekurs på småfe hjå Øystein Gilja. Dei som er interessert i eit slikt kurs kan gje beskjed til Øystein eller prosjektleder. Er det nokon som vil på kurs i år, ta då kontakt med Sven Reiarsen på telefon 90605466.

Lykke til med sauehaldet framover.

Hovudmål: Betre lønnsemd og auka produksjon og kvalitet i sauehaldet i Vest-Agder